

# INDUSTRIKONSULENTEN PÅ OSTERØY

## Årsmelding 2014

Forutan direkte oppdrag for etablerarar og bedrifter og **sekretærfunksjonen for Osterøy Industrilag**, har følgjande oppgåver prega arbeidet i 2014: **sekretariat for Osterfjord Næringsamarbeid**, arbeid for etablering og utvikling av fleire **lokalsamfunnsutviklingsprosjekt** i Osterfjord-regionen, sekretær for **Hordaland Bioenergiforum**, arbeid for etablering av **Espevoll næringsområde**, prosjektansvarleg for "Flettverk" som rettar seg mot design, tekstilindustri og handverk i Osterfjordregionen, og for «**Kompetanseutvikling i CNC og robotnæringsmiljøet i Hordaland**», sekretær for **kompensasjons-styret** og medlem i rådet for **Kompetansesenteret for CNC og robot** ved **Osterøy vidaregåande skule**.

Industrikonsulenten har bistått ved oppfølging av 4 **skattefunnsprosjekt** i 2 Osterøy-bedrifter. Ei bedrift som har produksjon i ein distriktskommune, har fått hjelp til å søke Innovasjon Norge og har fått 3 mill kr i tilskott.

Talet på **nye oppdrag**, 17, var på nivå med føregåande år. Talet på **etablerings-oppdrag**, 12, var og på nivå ned året før. Ca halvparten av desse nye etablerings-oppdraga har allereie resultert i **nye verksemder**. I dette talet er ikkje rekna med nyetableringar i 2014 i samband med oppdrag som er registrerte året før/ tidlegare år.

I 2014 arbeidde industrikonsulenten 50% stilling grunna kronisk sjukdom.

Industrikonsulenten er **sekretær for Osterøy Industrilag**. Industrilaget har hatt mykje fokus på samferdsle og i 2014 starta arbeidet med omlegging av fylkesvegen gjennom Hosanger. Industrilaget arbeider for eit større næringsareal på Espevoll og for utbetring av fylkesvegen gjennom Vesetgjelet.

**Kommunen har gitt tilskott** til Industrikonsulent-verksemda også for 2015. Dette ligg inne i kommunen sitt langtidsbudsjett. Kommunen held kontor til Industrikonsulenten.

Me får tilskott på kr 18.000 frå **Hordaland fylkeskommune** via **Osterfjord Nærings-samarbeid** til næringsutviklingsarbeid (året før kr 35.000). Osterfjord Næringsamarbeid har godtgjort arbeidet som sekretær for næringsamarbeidet med kr 70.000.

Godkjend i styringsutvalet 11.5.2015

### OPPDRAG

Forutan ein del oppdrag frå året før som det har vore arbeidd vidare med, har Industrikonsulenten altså fått **17 nye oppdrag i 2014**. Dette er både reine kontakt- og informasjonsformidlingsoppdrag og oppdrag der konsulenten har gjort ein "jobb" for verksemda. Omfanget av oppdraga varierer frå oppdrag som vert løyste pr telefon til det største oppdraget som var på 28 timar.

Oppdraga var fordelte slik:

	2010	2011	2012	2013	2014
Nye etablerings-oppdrag	16	22	19	14	12
Nye oppdrag for etablerte verksemder	13	9	14	4	5
<b>SUM</b>	<b>29</b>	<b>31</b>	<b>33</b>	<b>18</b>	<b>17</b>

I tillegg til det som er registrert som "oppdrag", kjem ei rekkje kontaktar med verksemdene gjennom sekretærfunksjonen for Industrilaget og gjennom prosjektarbeid. I Flettverk-prosjektet «Made in Osterøy» deltek t.d. ca 10 verksemder og ca 10 lokale verksemder vil vere med i prosjektet «Kompetanseutvikling i CNC og robotnæringsmiljøet i Hordaland».

For mange av etableringsoppdraga var ønsket om å ha ein "samtalepartner" utgangspunktet for kontakten. Von om gunstig "finansiering/tilskott" var utgangspunkt for nokre. Nokre personar tok kontakt for å få utarbeidd "næringsfagleg vurdering" som grunnlag for støtte gjennom NAV. Mellom etablerings-oppdraga var det 6 oppdrag for personar med utanlandsk statsborgarskap. Det at det finst tilskotts-ordningar, er eit hjelpemiddel til å kome i kontakt med oppdragsgjevarane. Men det er svært få som oppnår å få tilskott. Skattefunnsordninga med skattefrådrag for utviklingsarbeid er ei bra ordning for veletablerte bedrifter, men det er no relativt få som nyttar seg av ordninga.

Følgjande oppstilling syner korleis oppdraga er fordelte med omsyn til storleik på verksemdene:

Tilsette	Tal oppdrag
Nyetablering	12
1-4	2
5-9	2
10-19	1
20-49	0
50-100	1
<b>SUM</b>	<b>17</b>

Dei fleste av oppdraga er komne i stand etter initiativ frå kunden, eventuelt etter tips frå andre som t.d. NAV. Kva oppdrag Industrikonsulenten arbeider med, vert i stor grad styrt av dei som er initiativrike. Ved 71% av oppdraga var første kontakt pr telefon og resten ved personleg møte eller epost. Oppdraga har vore frå 16 ulike etablerarar / verksemder.

Oppdraga for **eksisterande verksemder** bransjefordelt:

Mekanisk industri	2
Anna industri	2
Tenester, anna	1
<b>SUM</b>	<b>5</b>

I desse tala kjem ikkje med oppdrag for eksisterande verksemder som har gått over fleire år.

**Etableringsoppdraga** bransjefordelte:

Ulike former for tenester	7
Industri	0
Bygg og anlegg	1
Handel	3
Anna	1
<b>SUM</b>	<b>12</b>

Det er vanskeleg å seie kor mange verksemder det vert av desse etablerings-sakene, mange etableringar skjer over tid, men heile ca halvparten har starta ny verksemd i løpet av året.

## NYREGISTRERINGAR I FORETAKS-REGISTERET

For å gje eit bilete av nyetableringsaktiviteten på Osterøy, tek me med informasjon som byggjer på kunnjorde nyregistreringar i Foretaksregisteret i 2013. Dette dekkjer ikkje dei som berre er registrerte i Einingsregisteret (t.d. enkelt-personforetak som ikkje driv handel).

Selskapsform	Tal registrerte
Aksjeselskap, AS	22
Enkeltpersonforetak, DA	12
NUF	1
<b>Sum</b>	<b>35</b>

## Bransjar

Fleire foretak opererer i fleire bransjar.

Her er berre teke med den bransjen som truleg er viktigast:

Bransjar	Tal registrerte
Eigedom, investeringsselskap	4
Bygg og anlegg	7
Tenester (elles)	6
Handel	7
Transport	6
Industri	0
Anna	5
<b>Sum</b>	<b>35</b>

## ANDRE SAKER INDUSTRIKONSULENTEN HAR ARBEIDD MED

Forutan å vera **sekretær for Osterøy Industrilag** (sjå eiga årsmelding) har Industrikonsulenten arbeidd med mellom anna følgjande oppgåver av meir generell karakter for Osterøy-næringslivet;

\* Osterøy-næringslivet fekk **kompensasjon for auken i arbeidsgjevaravgifta** frå 1.1.2000 t.o.m. 2003. Industrikonsulenten er sekretær for kompensasjonsstyret.

\* Industrikonsulenten representerer Osterøy Industrilag i rådet for **Kompetansesenteret for CNC og robot** ved **Osterøy vidaregåande skule**.

\* Industrikonsulenten har for 2005-14 hatt **sekretariatsfunksjonen for Osterfjord Nærings-samarbeid**. Osterfjord Nærings-samarbeid vert finansiert m.a. med tilskott frå Hordaland fylkeskommune. Osterfjordregionen får også midlar via Hordaland fylkeskommune til **Regionalt næringsfond for Osterfjord** (i 2014 kr 456.000, året før kr 954.000). Regjeringa og dermed fylket har redusert kraftig i slike regionale utviklingsmidlar. Frå 2013 er Åse Nilssen engasjert som prosjektleiari for stimulering og etablering av fleire **lokalsamfunnsutviklings-prosjekt** i Osterfjordregionen. Sjå eiga årsmelding.

\* Industrikonsulenten har vore med å starte **Hordaland bioenergiforum** og deltek i arbeidsutvalet. På vegne av forumet har Osterfjord Nærings-samarbeid med Industrikonsulenten som sekretariat fått RUP-midlar hjå Hordaland fylkeskommune til forumsaktivitetar i 3 år. Aktiviteten var låg i 2014.

\* Industrikonsulenten har vore pådrivar for å få i stand ein **samarbeidsavtale mellom Osterfjordregionen og Høgskulen i Bergen**. Avtale vart inngått 15.3.2007 og fornya avtale vart signert 11.10.2014 i det nye høgskolebygget på Kronstad.. Industrikonsulenten er gjennom Osterfjord Nærings-samarbeid medlem av arbeidsutvalet som er oppretta. Det vert samarbeidd på fleire område, m.a. teknologileiing og Flettverkprosjektet.

\* Industrikonsulentene arbeider for realisering av **eit større næringsområde** på ca 550 da på **Espevoll**; "Stort og Bergensnært", [www.espevoll.no](http://www.espevoll.no) . Det hadde vore ønskeleg med større framdrift i kommunen sin del av prosjektet.

\* Som sekretariat i Osterfjord Næringsamarbeid har Industrikonsulentene vore prosjektansvarleg for forprosjektet "**Flettverk**" for kopling tekstilindustri, design, kultur og handverk. Eit 3-årig hovudprosjekt vart starta mot slutten av 2012. Prosjektet er finansiert gjennom Regionalt næringsfond for Osterfjord, midlar frå Hordaland fylkeskommune og eigeninnsats. Prosjektleiaren er Tone Boska og Siv Støldal.

\* Prosjektet «**Kompetanseutvikling i CNC og robot-næringsmiljøet i Hordaland**» vart starta opp

i 2014 m.a. med 3 mill kr frå Innovasjon Norge og kr 250.000 frå kvar av fylkeskommunen og Regionalt næringsfond for Osterfjord. Høgskolen i Bergen vil no utvikle ein bachelor og master og Bergen tekniske fagskole eit fagteknikartilbod innan fagfeltet. Og dette vil skje i samarbeid med Kompetansesenteret for CNC og robot som vil utvikle etter- og vidareutdanningstilbod. Industrikonsulentene er som sekretariat i Osterfjord Næringsamarbeid prosjektleiar.

## MØTE, KURS, FOREDRAG

Forutan møteverksemd mm. i samband med ovannemnde kan nemnast:

- Vore med å skipe til **50 år jubileumsfest for Osterøy Industrilag** med 100 deltakarar.
- Lars Mjøs fekk under jubileumsfesten utdelt **Norges Vels medalje** for lang og tru teneste i Osterøy Industrilag.
- Lagt opp besøksprogram på Osterøy for **Regionalt næringsforum i Hordaland**.
- Delteke ved **dialogsamling** i regi av Hordaland fylkeskommune.
- Orientert om «Kompetanseutvikling i CNC og robotnæringsmiljøet i Hordaland» på **orienteringsmøte på Gardermoen i regi av Innovasjon Norge**.
- Delteke ved møte for **regionale tiltaks kontor**, m.a. på samling i Norheimsund.
- Delteke ved **prosjektleiarsamling i Ålesund** for prosjekt i Innovasjon Norge sitt program «Kompetanseutvikling i regionale næringsmiljøer».
- Delteke ved **strategisamling** for Mjøs Metallvarefabrikk AS på Lofthus.
- Delteke ved nyopning av **Omsorgsteknologilaben ved Høgskolen i Bergen**.
- Lagt opp besøksprogram på Osterøy for leiinga i **Business Region Bergen**.
- Delteke ved møte i Bergen Næringsråd om **produktivitet**.

## STYRINGSUTVAL

Styringsutvalet har hatt følgjande samansetjing:

**Formann : Lars Magne Bysheim**

Sigbjørn Reigstad, vara Vivian Jacobsen

Arne Hansen, vara Stig Eknes

Ordførar Kari Foseid Aakre.

## DØME PÅ SPØRSMÅL SOM INDUSTRIKONSULENTEN HAR HANDSAMA I 2014

- Kan du hjelpe meg med ein søknad til næringsfondet?
- Me lurar på å starte mobilt gatekjøkken. Kva reglar gjeld?
- Eg planlegg eit næringsområde og vil gjerne diskutere aktuelle oppvarmingsmetodar.
- Korleis kan me CE-merke egne produkt som byggevarer?
- Kan du hjelpe meg med ei næringsfagleg vurdering slik at eg kan behalde støtta frå NAV?
- Eg vil starte eige firma. Finst det noko tilbod om etablerarkurs?
- Me vil søke Innovasjon Norge om investeringstilskott i ein distriktskommune. Kan du hjelpe til som sist?

## REKNESKAP 2014

Kasserar: Lars Mjøs. Revisor: Norodd Helle

I 2014 vart det nytta vel kr 100.000 til ekstraordinære tiltak, m.a. utarbeiding og trykking av 50-års saga for Osterøy Industrielag som også dekkjer over 30 år med Industrikonsulent på Osterøy. Industrikonsulenten sette og inn annonsar for ny prosjektleiar ved Kompetansesenteret for CNC og robot med godt resultat; ei svært viktig stilling for prosjektet «Kompetanseutvikling i CNC og robotnæringsmiljøet i Hordaland».

3100	Konsulentonorar	39 400,00
3110	Sekretær Osterøy Industrielag	40 000,00
3121	Prosjektinntekter	39 900,00
3440	Tilskott frå Osterøy kommune	150 000,00
3441	Tilskott frå Osterfjord Nærings samarbeid	88 000,00
3441	Tilskott frå andre	
8297	Renteinntekter	33 233,13
	<b>Sum inntekter</b>	<b>390 533,13</b>
5000	Løn inkl sos utgifter netto	397 199,00
6700	Revisjon	1 500,00
	Industrielagssoga (forfattar og trykking)	77 845,00
	Annonsar prosjektleiar Kompetansesenter	26 616,10
6800	Kontorkostnader	10 254,05
6900	Telekostnader	7 206,40
7165	Reise/diett	3 474,00
7185	Km godtgjersle	3 872,00
7770	Gebyr	1 629,54
	<b>Sum utgifter</b>	<b>529 596,09</b>
	<b>Overskott/underskott</b>	<b>-139 062,96</b>
1500	Kundefordringar	79 900,00
1900	Bankkonti	1 221 406,37
	<b>Sum eiga</b>	<b>1 301 306,37</b>
2410	Leverandørgjeld	0,00
2430	Innskott frå Industrielaget	200 000,00
2600	Skuldig skattetrekk	18 195,00
2700	Skuldig mva	5 210,00
2770	Skuldig arbeidsgjevaravgift	9 466,00
	Eigenkapital	1 068 435,37
	<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>1 301 306,37</b>
	Eigenkapital 1.1.2014	1 207 498,25
	Overskott/underskott 2014	-139 062,96
	Eigenkapital 31.12.2014	<b>1 068 435,29</b>

# INDUSTRIKONSULENTEN PÅ OSTERØY

## TIL DI TENESTE

### FOR KVEN ?

Alle som driv eller har lyst til å driva næringsverksemd på Osterøy, har høve til å nytta Industrikonsulenten. Verksemda di eller planane dine kan vera frå dei minste til dei største og i alle bransjar.

### KVA SLAG SPØRSMÅL ?

Alle typar spørsmål som har med næringsverksemd å gjera, kan rettast til Industrikonsulenten. Me vil anten kunne svara på dei sjølve eller finna fram til stader der du kan få svar. Alle opplysningar vert handsama fortruleg.

### KVA KOSTAR DET ?

Tenestene til Industrikonsulenten er gratis dersom du er nyetablerar eller me treng kort tid for å finna svar på spørsmålet ditt. Dersom spørsmålet ditt krev meir arbeid, må du etter avtale betale ein timepris frå kr 450 til kr 550.

### KVEN STÅR BAK ?

Det er Osterøy Industrilag som har teke initiativ til stillinga og tilsett Industrikonsulenten. Osterøy kommune støttar stillinga økonomisk og held kontor, telefon og breiband. Industrilaget betaler sekretærgodtgjersle og ein del inntekter kjem frå oppdrag me utfører for næringslivet og for Hordaland fylke. Ordføraren er representert i styringsutvalet for verksemda.

### KVEN ER ME ?

**Lars Mjøs** har vore tilsett som Industrikonsulent sidan 1982. Han er utdanna sivilingeniør, maskinlina, ved Norges Tekniske Høgskule, no NTNU. Han har vidareutdanning innan undervisning, miljøvern, mellom anna arbeidsmiljøspørsmål og innan etablerarretteleing.

Han har vore med å skrive boka "Fem små mekaniske verksteder" og boka "Grunnbok i bedriftslære".

Han har 1 års verkstadpraksis frå Nylands Mekaniske Verksted i Oslo før han tok til med utdanninga og han har arbeidd 2 år som skipsvinsjkonstruktør ved BMV, Hordvikneset.

### KORLEIS FÅ TAK I INDUSTRIKONSULENTEN ?

Ring direktenummer 56 19 22 70, mobil 416 28 531. E-postadressa er; [lars.mjøs@osteroyindustrilag.no](mailto:lars.mjøs@osteroyindustrilag.no) . Du kan og vitje Industrikonsulenten i "bustaden" ved rådhuset på Hatland. Send eller legg att ei melding om du ikkje treff nokon på kontoret.

Nærare informasjon finn du på [www.osteroyindustrilag.no/indkons](http://www.osteroyindustrilag.no/indkons) og på [www.kom-an.no](http://www.kom-an.no)